

Aleksander Rebaudo og selskapet Liten Film knyter til seg profilerte partnarar.

24.08.2020



Aleksander Rebaudo saman med Johanne K. Hoff, Lars Berge og Bjarte Hjelmeland.

**Aleksander Rebaudo frå Uskedalen driv produksjonsselskapet Liten Film i Oslo. No tek han inn tre nye partnarar og vil på den måten utvikla selskapet mot nye høgder. Liten Film vart etablert i 2019 og har hatt fleire store oppdrag innan reklamefilm, dokumentar og andre større profileringsprosjekt.**

Inn i selskapet Liten Film kjem investor og skodeseclarar **Bjarte Hjelmeland**, tidlegare videosjef i Dagens Næringslivs kreative byrå **Johanne Koivunen Hoff** og Wisting skodespelar og manusforfattar **Lars Berge**.

Aleksander Rebaudo fortel at når ein fyrst skal utvida er det luksus å kunna ta inn nokon av dei beste aktørane han kjenner, personar han har samarbeidd med i lengre tid. Dette er eit samarbeid han veit vil fungera. Med dette kan Liten Film ta inn større prosjekt og dermed konkurrera med større og meir etablerte produksjonsselskap.

Filmlandskapet og bransjen er i rask utvikling. Aleksander i Liten Film vil tilhøyra eit miljø som er designa for endringar. Kjernen i Liten Film er ein gjeng innovative personar med hjarta for faget. Ein av partnarane, Johanne Hoff, vil vera med på å utfordra det etablerte. Ho vert den kreative leiaren i selskapet. Johanne har tidligere mellom anna jobba med dokumentar i Dagbladet Magasinet, kultur i Red Bull, film i Spoon Agency og DNX Studio.

Bjarte Hjelmeland fortel at flinke folk finn kvarandre. Han vart invitert inn til å delta saman med denne gjengen. Den profilerte sceneaktøren har sett kva Liten Film kan få til, om samarbeid og kreativitet. Han gler seg til å fylgia dette eventyret på nært hold.

Aleksander Rebaudo vart tildelt Kvinnherad kommune sitt kulturstipend 2019.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Jon Strøm

Kjelde: Kampanje.com

